



Haugen Vva AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/41 - 18/9589

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
18.06.2018

Byggesak gbnr. 45/7 - Selfallet - endringssøknad veg - mellombels svar

Førebels svar på søknad om endra høgdeplassing av veg.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 12.04.2018.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det kjem ikkje fram av søknaden at endringa er nabovarsla. Kommunen er av den oppfatning at endringa er av en slik karakter at den vil kunne råke ved naboeigedommane som ligg langs vegen. Ein endra høgdeplassing av tilkomstvegen på opp mot 70 cm vil kunne råke ved tilhøve som åtkomst til eige eigedom og vassføring inn på eigedommane. Det er naudsynt at alle eigedommane som ligg langs vegen som det søkaste om endra høgdeplassing for vert nabovarsla.

Som det kjem fram av brevet sendt til dykk den 16.02.2018 har kommunen motteke ei hendvending frå ein bebuar i bustadfeltet med spørsmål om vegens høgdeplassing på grunn av problem med høgda på avkjørslar og overflatevatn. Det må derfor forventas at det kjem inn nabomerknader til søknaden og det er naudsynt at desse blir kommentert av ansvarleg søker i forbindelse med innsending av tilleggsinformasjon til kommunen.

Det ligg heller ikkje føre oppdatert situasjonsplan som visar endra høgdeplassing. Oppdatert situasjonsplan må nabovarslas saman med søknad om dispensasjon.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvitteing for nabovarsling, opplysningar gitt i nabovarsel, eventuelle nabomerknadar og kommentarar til eventuelle nabomerknadar.
2. Situasjonsplan

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 03.08.2018. Dersom tilleggsinformasjon ikkje vert sendt inn innan fristen vert søknaden arkivert utan vidare handsaming og tilkomstvegen vert følgt opp som eit ulovleg tilhøve i strid med løyve.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Silje Haukedal
Seniorrådgjevar tilsyn/jurist

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rune Ulvatn	Radøyvegen 1539	5936	MANGER
-------------	-----------------	------	--------

Mottakarar:

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
---------------	--------------	------	--------